



AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE
FYLKESORDFØRAREN

Adresseliste

Sakshandsamar. Sissel Bakke
Direkte tlf.: 37017498



Dykkar ref.:
Vår ref.: 2007/1242-
22147/2007

Vår dato: 22.10.2007
Arkivnr: 123/K40


**INVITASJON TIL OPPSTARTSMØTE FOR "FYLKESDELPLAN FOR
BRUK OG VERN AV SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE OG
SETESDAL AUSTHEI."**

Rogaland fylkeskommune, Vest Agder Fylkeskommune, Telemark Fylkeskommune og Aust Agder Fylkeskommune inviterer til oppstartsmøte på Revsnes hotell på Byglandsfjord 5. desember.

Invitasjon, program og adresseliste ligg med. Me ynskjer gjerne tilbakemeldingar på om det er fleire som bør inviterast. Frist for påmelding er sett til 19 november.

VEL MØTT

Med helsing


Oddvar Skaiaa
Fylkesordfører

VEDLEGG

Postadresse:
Serviceboks 606
4809 Arendal

Besøksadresse:
Ragnvald Blakstadsvei 1

Telefon: 37017300
Telefax: 37017303
Bank: 6318.05.49015

e-postmottak: postmottak@aa-f.kommune.no
Organisasjonsnr.: 943 039 046
Hjemmeside: www.aa-f.kommune.no



Invitasjon til start av "Fylkesdelplan for bruk og vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei".

Heiane i fokus med bruk, vern og utvikling.

Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei har fått status som nasjonale villrein fjell. Miljøverndepartementet oppmodar fylkeskommunane til å lage fylkesdelplan for desse områda. Bakgrunnen er Stortingsmelding nr 21 (2004 – 2005) "Regjeringens miljøtilstand og regjeringens miljøvernpolitikk" kor det er sett eit mål om å sikre varige leveområde for villrein gjennom regional planlegging med fokus på villrein fjellet. Arbeidet heng og saman med Stortingstingsmelding nr 21 (2005 – 2006) "Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken" som fokuserer på fjellpolitikk og bygdeutvikling og Stortingsmelding nr 16 (2004 – 2005) "Leve med kulturminner", som fokuserer på kulturminne og kulturmiljø som ressursar.


"Det er en overordnet målsetting at Norges unike fjellandskap skal tas vare på som leveområde for sårbare arter, regionalt og nasjonalt rekreasjonsområde og som næringsgrunnlag for levende bygder. Fjellområdene skal forvaltes som landskap der kultur- og naturressursene, næringsmessig utnytting og friluftsliv sikres og gjensidig utfyller hverandre. Villreinen skal ha en sentral plass i norsk fjellfauna også i framtida, og det er et nasjonalt mål at villreinens leveområder skal sikres. Dette skal skje gjennom regionale planer."

Planarbeidet skal ha fokus på bruk, vern og utvikling. Det gjer at kommunane, fylkesmennene og frivilljuge lag og organisasjonar m.fl. er sentrale i planarbeidet for å trygge forankring, kompetanse og ei berekraftig samfunnsutvikling. De vert difor invitert til oppstartsmøte.

Stad **Revsnes hotell, Byglandsfjord**
Dato **5. desember, kl 10.00 – 15.30**

Kvar kommune vert oppmoda om å møte med ordførar og rådmann, totalt fire deltakarar. Frivilljuge lag og organisasjonar vert oppmoda om å møte med inntil to deltakarar. Fylkesmennene vert oppmoda om å stille med ein deltakar kvar frå landbruk og ein deltakar frå miljø.

Påmelding innan 19. november til hilde.skjulestad@aa-f.kommune.no. Tlf 37017319.



Overnatting tingast og betalast av den einskilde som ynskjer overnatting. Kontakt Revsnes hotell på telefon 37934650 eller på e post post@revsnes hotell.no. Det er inga deltakaravgift. Har de spørsmål til invitasjon og program, kan de ta kontakt med Bjørg Hellem i Vest Agder Fylkeskommune, telefon 38074534, Heidi Jønholt i Telemark Fylkeskommune, telefon 35584280, Sissel Bakke i Aust Agder Fylkeskommune, telefon 37017498, eller Eli Viten i Rogaland Fylkeskommune telefon 51516666.

Program (atterhald om endringar)

Møteleing ved Telemark fylkeskommune

- | | |
|-------|---|
| 10.00 | Vel møtt ved fylkesordførar Laila Øygarden, Aust Agder fylkeskommune. |
| 10.10 | "Heiane til glede for alle" ved fylkesordførar Tom Tvedt, Rogaland fylkeskommune. |
| 10.30 | "Fylkesdelplan for sikring av villrein og regional utvikling", ved Miljøverndepartementet. |
| 11.00 | "Hjarte for fjellet, fjellet som distriktspolitikk og bygdeutvikling" ved seniorrådgjevar Judith Kortgård, Kommunal- og regionaldepartementet |
| 11.30 | Matpause |
| 12.30 | "Kunnskap om arealbruk til villreinen" ved forskar Olav Strand, Norsk institutt for naturforskning |
| 13.00 | Kva gjer me? Innleing ved rådgjevar Bjørg Hellem, Vest Agder Fylkeskommune |
| 15.00 | Kva skjer frametter? ved fylkesordførar Tore Westermoen, Vest Agder fylkeskommune |

Arrangør: Rogaland Fylkeskommune, Vest Agder Fylkeskommune, Aust Agder Fylkeskommune og Telemark Fylkeskommune.